



Ronny Vågen Natås
Holmåsvegen 7
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2203 - 17/5157

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

15.02.2017

Vedkomande etablert tilkomstveg - gbnr 106/11 Fanebust

Administrasjonen syner til etablerte tilkomstveg på 106/11 mm.

De har vore i kontakt med kommunen der det ber om informasjon om saka og kva dokumentasjon kommunen treng for å kunne handsame søknad om etablering av tilkomstveg.

Dispensasjon

Tilkomstvegen er plassert innafor 100 metersbelte mot sjø. Det må difor søkjast dispensasjon i frå dette. Ein dispensasjonsøknad er ein skriftleg søknad der du gjer greie for kva det vert søkt dispensasjon i frå (byggjegrænse mot sjø). For at vi skal kunne handsame denne søknaden må søknaden vere grunngjeve. Vi gjer også merksem på at ein dispensasjonssøknad skal nabovarslast, og i varselet skal det gå fram kva det vert søkt dispensasjon i frå. Det vert vist til plan- og bygningslova § 1-8 og 19-1.

Tilkomstvegen er samstundes plassert i eit området som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål. Slik administrasjonen forstår det er du i dialog med landbrukskontoret i kommunen i forhold til om tilkomstvegen er i samsvar med landbruksformålet.

Byggjesøknad

Tiltaket er søknadspiktig etter plan- og bygningslova. Vedlagt følgjer skjema som du kan nytta. Vi gjer merksam på at søknad om tiltak etter plan- og bygningslova også skal nabovarslast. Her skal det gå fram kva du søkjar om, og teikningar som skildrar heile tiltaket. Dette skal også liggje ved i søknad til kommunen. Det er allereie innsendt terrengprofilar på tiltaket, dette er difor ikkje naudsynt å sende på nytt.

Høyring

Søknad om dispensasjon skal sendast til forvaltningsorgan for uttale. De har 4 veker på å kome med uttale i saka reikna frå den dagen de mottok søknaden.

Oppsummering

De må søkja om dispensasjon i frå byggjegrænse mot sjø. Administrasjonen avventer uttale i frå landbrukskontoret før vi teke stode til om det også må søkjast dispensasjon i frå LNF-føremålet. Vidare må du søkja om tillatelse til tiltak etter plan- og bygningslova, søknadskjema ligg som vedlegg til dette skrivet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Dersom du har spørsmål i saka, ber vi om at du tar kontakt.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5154-nabovarsel
5155-opplysninger-gitt-i-nabovarsel
5156-kvittering-for-nabovarsel
5184-soknad-om-ansvarsrett-som-selvbygger
5174-soknad-om-tillatelse-til-tiltak (1)

Mottakarar:

Ingvar Fanebust	Fonnebostvegen 156	5955	LINDÅS
Ronny Vågen Natås	Holmåsvegen 7	5955	LINDÅS